
VELKOMMEN TIL



ÅRSPLAN DEL 1:
INFORMASJONSHEFT

Du er enestående

Du er mer verdt enn noen kan måle.
Du kan noe som er spesielt for deg.
Du har noe å gi andre.
Du har gjort noe du kan være stolt av.
Du har store ubrukte ressurser.
Du duger til noe.
Du kan godta andre.
Du har evnen til å forstå og lære av andre.
Det er noen som er glad i deg.

Erling Førland

Innhold:

- 1.1 Kva er ein årsplan?
- 2.0 Presentasjon av Hatlebakken barnehage
- 3.0 Visjon
- 4.1 Pedagogisk grunnsyn
- 4.2 Spesialpedagogisk hjelp - tilpassa tilbud til alle
- 5.0 Samarbeidsrutiner
- 5.1 Foreldresamarbeid
- 5.2 Personalsamarbeid
- 6.0 Tilvenning
- 7.0 Hente og bringesituasjonen

1.0 Kva er ein årsplan?

Alle barnehagar må utarbeide ein årsplan. Denne planen skal vise kva barnehagen ønsker å oppnå og kva det pedagogiske arbeidet skal innehalde denne perioden.

Samarbeidutvalget skal fastsette årsplanen. Det er dette som gir foreldre medverknad i barnehagen sitt innhald.

Årsplanen sine funksjonar:

- den skal vere eit grunnlagsdokument for den einskilde barnehagelærer og øvrige medarbeidarar og for personalgruppa som team. Den er også eit utgangspunkt for samarbeidet med foreldre. Årsplanen skal vise korleis barnehagen vil arbeide for å omsetje formålet og innhaldet i rammeplanen og dei lokale tilpassingane i pedagogisk praksis.
- den skal gi konkret og profesjonell informasjon om barnehagen sitt pedagogiske arbeid til eigar av barnehagen, politikarar, tilsette i kommunen, barnehagen sine samarbeidspartnarar og andre interesserte. Det vil seie korleis ein formidlar kunnskap til barna i barnehagen.

Barnehagen skal samarbeide med barna sin heim, og foreldra kan på ulike måtar vere med på å planlegge eller delta aktivt i innhaldet i barnehagen.

Barna skal også kunne vere med på å planlegge.

2.0 Presentasjon av Hatlebakken barnehage

Hatlebakken barnehage opna 17. august 1998 og er driven av ei forening. Foreninga har som formål å drive barnehage med utvida kristen formålsparagraf i Sula kommune. Dette inneber at den kristne bodskapen har ein sentral plass i arbeidet.

Barnehagen gir tilbod for barn i alderen 0 til 6 år.

Verksemda er organisert som eit ideelt formål (ikkje økonomisk)

Barnehagen vert drive i samsvar med:

- * Lov om barnehager av 17. juni 2005.
- * Rammeplan fastsett av Kunnskapsdepartementet, forskrift til barnehagelova som gjeld frå 01.08.17.
- * Vedtekter fastsatt av eier
- * Årsplan for barnehagen

Barnehagen er ein ein- avdelings barnehage og er godkjent for 25 plassar.

Barnehagen har ope inntil 10,25 timar pr. dag. Opningstida blir regulert etter behov og påmelding kvart barnehageår.

3.0 Visjon

Det du vil at andre skal gjere mot deg, skal du også gjere mot dei.

4.1 Pedagogisk grunnsyn

I eit pedagogisk grunnsyn ligg dei verdiar og haldningar som bygger grunnlaget for det pedagogiske arbeidet.

Pedagogisk grunnsyn kan ein seie er den oppfatning av verda og menneska sin plass der, dei haldningar og verdiar som er begrunna i teori, og som ligg til grunn for det pedagogiske arbeidet. Det pedagogiske arbeidet kan ein seie er det arbeidet som ein gjennomfører i barnehagen, der ein legg vekt på kva ein formidlar til barna, korleis og ikkje minst kvifor ein formidlar dette.

Rammeplanen kan ein seie er ei "rettesnor" for arbeidet i barnehagen. Dermed vil det vere med på å avgjere kva for syn vi har på ulike arbeidsmetodar og vere med på å bestemme valg av innhald.

I Hatlebakken barnehage har vi kome fram til at vi har eit flerdimensjonalt grunnsyn. Vi har trekt ut det vi meiner kan legge grunnlaget for vårt pedagogiske grunnsyn. Dette omfattar både det naturvitenskapelege, - det åndsvitenskapelege og det kritiske grunnsynet.

Naturvitenskapelig syn på læring:

I barnehagen set vi oss mål for det vi ønsker barna skal lære. Dette gjeld både for det enkelte barn og gruppa i sin heilskap. For at barna skal lære, legg vi spesielt vekt på positiv adferd, men all adferd får ein konsekvens.

Åndsvitenskapeleg syn på læring:

I læringsprosessen hos barnet, legg vi i barnehagen meir vekt på prosessen enn på produktet. Ved at barna sjølv er delaktige, meiner vi at dei vil kunne få den beste læringa. I barnehagen legg vi vekt på at alle barn er unike og har stor verdi. Læring forutsett at barnet er eit aktivt, tenkande og handlande vesen med mange iboande moegelegheiter. Barnet er likevel formbart og avhengig av påverknad frå kulturen og

samfunnet rundt for å utvikle sine beste moegelegheiter.

Kritisk orientert syn på læring:

I barnehagen er det viktig at barna får danna seg sosial kompetanse. Dette for at dei skal kunne fungere best moeleg i samfunnet. Synet på mennesket er at det påverkar sine omgjevnader, samtidig som dei sjøve blir påverka av omgjevnadene rundt seg. Gjennom eigen verksemd forandrar mennesket omverda og dermed seg sjølv.

4.2 Spesialpedagogisk hjelp - tilpassa tilbud til alle

I barnehager vil det alltid vere barn med behov for særskilt hjelp og støtte. Dette er noko som kan kome fram i ulike alderstrinn. Barnehagen har ei viktig oppgåve med å forebygge, oppdage og sørge for at nødvendige tiltak blir sett i verk. I barnehagen legg vi vekt på at alle barn skal få lik rett til utvikling. Med særleg vekt på tilpassing for barn, som treng ekstra omsorg og støtte. Dersom det er behov for særskilt hjelp eller støtte, kan de som foreldre/omsorgspersonar ta kontakt med personalet. Så er barnehagen behjelpeleg med eventuelle henvisningar til andre instansar, som PPT, logoped eller liknande.

5.0 Samarbeidsrutinar

5.1 Foreldresamarbeid

Vi har som mål:

- * å få god kontakt med foreldre / føresette for å kunne gjennomføre barnehagelova sine intensjonar om å gi barna gode aktivitets og utviklingsmogelegheiter i nær forståing og i samarbeid med barna sin heim.
- * at foreldrene skal vere trygge for at barna får den omsorg, stimulering og tilsyn dei har behov for i barnehagen.

Metodar:

- * legge vekt på den daglege kontakta ved bringing og henting.
- * gi foreldra dagleg informasjon om kva som har skjedd i barnehagen (munnleg / skriftleg)
- * oppfordre foreldra til å gi barnehagen informasjon om Barnet si dagsform, spesielle opplevelsar evt. avvik fra den daglege rutine.

- * foreldresamtalar
- * bistå foreldre/føresette dersom det er behov / ønske om kontakt med andre faginstansar (PPT, logoped ol.)
- * foreldremøter
- * arrangere uformelle samankomstar f.eks. julefestar, foreldrecaffi ol.

5.2 Personalsamarbeid

Ein viktig kvalitet som må vere på plass i barnehagen er eit godt personalsamarbeid. Vi vil stadig arbeide med å skape gode haldningar til samarbeid.

I vår barnehage har alle tilsette ansvar for å bidra til eit positivt samarbeidsklime. Vårt mål er at alle nye medarbeidarar skal oppleve å møte eit inkluderande arbeidsfellesskap.

6.0 Tilvenning

I Hatlebakken barnehage legg vi vekt på at barna skal få ein god start på opphaldet i barnehagen.

Barn har både heimen og barnehagen som plass for utvikling og læring. Grunnlaget kan ein seie blir lagt i heimen, barnehagen skal ikkje ta frå heimen denne oppgåva. Den skal kunne støtte opp under heimen si oppseding og læring. Det vil vere viktig at barnehagen og heimen jobbar tett saman, både i starten og gjennom heile opphaldet i barnehagen. Dette for at barnet skal få det beste utbytte av barnehageopphaldet.

Starten i barnehagen:

Barna kan ha med ein eller begge **foreldra** i barnehagen dei første dagane. Dette for om mogeleg å kunne gjere barna meir trygge i barnehagen, og etter kvart vere uten foreldra. Det kan variere frå barn til barn, om kor mange dagar dei ønsker at foreldra skal vere saman med dei. Dette er noko som foreldra og vi i personalet bør bli einige om.

Dei første dagane vil det være lurt at barnet har forholdsvis **korte dagar**. Det kan vere lurt at ein startar i det små, for så å auke opphaldstida etter kvart. Dette for at barnet ikkje skal få ein for brå overgang, frå å vere heime til å kome i barnehagen.

I starten vil vi ha **foreldresamtalar** med dykk foreldre. Dette for å utveksle gjensidig informasjon, mellom barnehagen og heimen.

Vi ønsker dykk lykke til med tilvenninga og velkommen til Hatlebakken barnehage!

7.0 Hente- og bringesituasjonen

Det er nokre punkt, som kan vere til hjelp i hente- og bringesituasjonen i barnehagen.

✓ Bringing

- Den som følger barnet til barnehagen, bør bli einig med den tilsette i barnehagen når dei ønsker å ta avskjed med barnet sitt.
- Kontakten mellom barnet og den tilsette, bør vere god under avskjeden.
- Barna skal være bevisste på at foreldra går frå barnehagen. Ein skal ikkje som foreldre forlate barnehagen, utan at barna har blitt oppmerksom på det. Barna vinker og/eller tek farvel med foreldra, når dei går.
- Bringesituasjonen kan i nokre tilfelle vere tunge for barnet. Det blir derfor viktig at du som foreldre, bestemmer når den tilsette skal ta barnet og du vil gå.
- Har du forlatt barnehagen med eit gråtande barn, kan dette gjere deg uroleg. Ring gjerne barnehagen, etter ei stund for å høyre korleis det går. Barnet sin gråt har som regel stoppa før du har kome deg ut gjennom porten i barnehagen.

✓ Henting

I nokre tilfelle kan det hende at barn som blir henta, ikkje vil bli med heim. Dette er ikkje overraskande. Barna kan ein seie har to verdenar, heimen og barnehagen. I hente-situasjonen, kan ein i nokre tilfelle sjå at desse to verdene støyter saman.

- De som foreldre bør vere bevisste på at du og barnet ditt ikkje nødvendigvis har hatt same kvardag. Barnet kjenner kanskje ikkje din kvardag og du kjenner kanskje ikkje barnet sin. Det vil derfor vere lurt at du og barnet ditt, finn kvarandre der de er.
- La ikkje hentinga i barnehagen bli ein stressande situasjon. La dette bli ein roleg situasjon, kor barnet kan omstille seg frå barnehage og til heimen.
- Bli einige med dei tilsette om korleis de vil at barnet skal avslutte dagen. Skal dei leike ferdig det dei har begynt å leke med? Skal dei rydde opp leiker som dei har helde på med? og liknande.
- Det er viktig at du som forelder gir beskjed til ein av oss som er tilsett i barnehagen, dersom det er andre enn du/de som foreldre som hentar barnet. Denne beskjeden vil vi bringe vidare til dei andre tilsette.

Det er viktig at ein etter beste evne støtter opp under barnet si omstilling, frå heimen til barnehagen.